



Skipsfører Vidar Koløy var innom og helsa på kona Renate og resten av familien då han førde Norne inn Storsund i middagstida i dag.

Lasteskipet NORNE glei sakte gjennom Storsund i dag. Skipsfører er Vidar Koløy frå Uskedalen. Med nokre korte støyt i skipsfløyta helsa han familien sin i Korsnes. Det 94 meter lange skipet er på veg til Tyssedal med last og valde i dag å gå Storsund.

På ei maritim side, lagt ut på bladet Sunnhordland, kan vi fylgja skipet sine kursar frå det kjem inn til kysten, gjennom Karmsundet, over Sletto og inn Hardangerfjorden til det er på høgde med Varaldsøy. Lenger inne er det ikkje signal til satelitt.

NORNE er registrert i Gibraltar og går med landet sitt flagg.

Tekst: Kristian O. Bringedal
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen